


Infoskriv 18.08.16

1. og 2. klasse.



Velkommen til nytt skuleår 😊

Me gler oss til å verta kjend med dei nye på skulen, 1. klassingane og til å møta att 2. klassingane, som har hoppa opp eit trinn sia sist.

Me deler på kontaktlæraransvaret, men Liv har hovudansvar for 1. klasse, og Oddvar 2. klasse.

Vonar de alle har hatt ein fin sommar og er klare for eit nytt skuleår.

Her kjem litt praktisk informasjon frå oss. (De vil og få informasjon hjå ho Torunn etter kvart, og elles kjem det foreldremøte om ikkje altfor lenge).

- **Uteskule:** Ta med høvande kle og sko. Det er ikkje kjekt å vera våt og kald ute. Me går alltid ut, uansett ver. De kan ha regnkle /støvlar ståande på skulen. Då har elevane kle til dårleg ver i friminutta og. Obs! Uteskule om torsdagane i år.
- **Lekser:** Viktig at foreldra øver med elevane, det er kjekt for både elevar og foreldre. Gjer **kun** dei sidene som står i lekseplanen, elles vert det rot i systemet.

Me kan avtala meir / mindre lekser etter kvart.

- **Den gule permen** elevane får med seg er til informasjon frå skulen. Skal liggja i sekken. Der finn de vekeplanar og informasjon. Dersom de ynskjer å senda ei melding, kan de leggja meldeboka fremst i den, så ser me meldinga om morgonen.
- **Meldeboka** må de og skriva i dersom eleven har vore sjuk, eller om han/ho skal ha eim ein kortare permisjon.
- **Fråver:** Dersom eleven er sjuk ein dag, må de ringja skulen same morgon og gje beskjed.
- **Vekeplanen** kjem annakvar måndag. Den inneheld **lekser og informasjon** om ting som skjer i perioden.
- **2. klasse** må ta bokbind på Kaleido Lesebok.

Ha ein fin sommar vidare, ta kontakt dersom de lurar på noko.

Helsing Liv og Oddvar